



Terje Tredal
Leknesvegen 134
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2598 - 18/29577

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
26.09.2018

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 196/60

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 196/60
Tiltakshavar: Terje Tredal
Ansvarleg søkjar: Terje Tredal

Delegasjonssak nr.: 524/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørse til kommunal veg for bruksendring.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Gjeld utvida bruk av avkjørsle til hytte i samband med bruksendring.

Vurdering/drøfting:

Det er god sikt på staden, innteikna sikttrekant på 4x30m. Det er fartsgrense 50 km/t på staden. Det vil i utgangspunktet generere eit siktkrav på 4x45m. Dette er ein blindveg med låg trafikk, så eit siktkrav på 4x30m vil kunne godkjennast i dette tilfellet.

Avkjørsla er teikna inn med radius 2m, kravet er 4m.

Total bredde avkjørskle er teikna inn med 10m, skal etter kravet vere 12m.

Dette er tiltak som lett let kan bli fiksa.

Det er og søkt om løyve til å fjerne hekk. Dersom fjerninga krev graving i eller langs med den kommunale vegen, krev det eige løyve.

Det kan lagast til ein enkel beskrivelse med kart og evt. bilete som syner kva som skal fjernast ved graving.

Samandrag/konklusjon:

Vegavdelinga kan tillate utvida bruk av avkjørsle dersom vilkåra i dette løyvet vert oppfylt.



Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
Svingradius 4m og siktkrav på 4x30m, total breidde avkjørsle 12m og drenering min 200mm under avkjørsle må oppfyllest.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Terje Tredal

Terje Tredal

Leknesvegen 134 5915

Leknesvegen 134 5915

HJELMÅS

HJELMÅS